

08.08.2009

EDO kjem på Vertshuset!

Laurdag 22. august får Vertshuset besøk av det lokale danseorkesteret EDO. Orkesteret såg dagens lys allereie i 1975 og gjennom alle år har det vore kjend for sitt varierte repertoar og sin gode kontakt med publikum, skriv dei i pressemeldinga si, som held fram:



Innspeling av EDO-video på Helgheim i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bandet var svært aktivt rundt i heile landet fram til 1988, og i 1979 og 1980 spelte orkesteret på heiltid. Etter ei tid med store utskiftingar av både repertoar og medlemmer, er det i dag berre "sjefen sjølv" Lars Johan Ekeland som framleis er med.

Repertoaret har også endra seg radikalt, og i starten av dette hundreåret fant bandet sitt absolutte haldepunkt. Bassist Ove Eikemo la for dagen eit talent som både tekst- og låtskrivar, og låtane hans på dialekt gjev ofte eit humoristisk syn på livets små trivialitetar. Dette viste seg å slå så godt an hos publikum at det i 2004 vart gjeve ut CD med 12 av låtane.

Hausten 2008 gjekk **EDO** på ny i studio for å laga ein oppfølgar til første den CD-en, og resultatet blei CD-plata "**Svigermors draum**". På den nye CD-en trong EDO ei damestemme til duetten "**Oss to**" og var heldig å få med seg Ålesund-jenta Hilde Fjørtoft.

Låten "**Svigermor**", som er å finna på den nye plata, er for mange kjent frå "NRK 1 Dansefot-svisj". Om ikkje lenge vil òg duetten med Hilde bli å finna på "Dansefot-svisjen".

EDO er oppteken av å setja saman repertoaret sitt etter kva publikum vil ha, og "gode gamle klassikarar" med sterke innslag av country og rock frå dei fleste tiåra er med. I tillegg er sjølvsagt bandets eigen låtar med, og her finn ein blant anna **Lubbesild og kalde pote**, **Bygdafest**, **Svigermor**, **Onkel Peder**, **Harley-draum**, **Oss to**, **Vestland**.....

EDO består av :

Lars Johan Ekeland (vokal)
Ove Eikemo (bass/vokal)
Finn Tore Hellesen (gitar)
Jan Kristian "Dutte" Hellesen (slagverk)
Stig Louis Myklevold (piano/orgel/vokal)

